

Etterlyser gründerar

Fram til 14. november kan ein sende inn forslag på kandidatar til Norges Vels Gründerpris. Prisen blir gjeve i form av ei sølvmedalje og blir delt ut til personar som har gjort ein innsats i eige lokalsamfunn, organisasjon eller verksemd i tråd med Norges Vels visjon om livskraftige lokalsamfunn. Innsatsen til ein verdig mottakar skal vere framtidsetta og nyskapande og ha ført til utvikling i lokalsamfunnet.

Eksempel på nyskaping og igangsetting kan vere å hente fram og ivareta lokale mat- eller kulturtradisjonar, verdiskaping for lokalmatprodusentar eller bruk av lokale råvarer og ressursar på nye måtar. Det kan òg vere produktutvikling eller nye produkt i andres eller eigen bedrift, fornybar energi eller andre miljøtiltak eller innsats som har bidratt til å skape arbeidsplassar.

Tips kánn:

redaksjon@boblad.no
Tlf. 35 95 19 45

Pengespel om kommuner

**KOMMUNEREFORMA**

Dersom dei tre kommunane i Midt-Telemark slår seg saman, vil ein få 50 millionar kroner i like tilskot frå staten. Blir det bere Sauherad og Bø misser ein 25 millionar kroner.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Regjeringa vil nytte det den kallar positive økonomiske verkemiddel for å få kommunane til å slå seg saman. Det vil seie at det vil lønne seg å slå saman fleire kommunar til større einingar.

Tilskota består av dekning av eingongskostnader og reformstøtte i reformperioden.

Støtte til eingongskostnader

Støtta til dekning av eingongskostnader er gradert etter på talet på kommunar som slår seg saman og størrelsen. Fem kommunar eller meir med eit folketal på til saman 100.000 innbyggjarar får 65 millionar kroner i tilskot. Det er 650 kroner per innbyggjar om det er akkurat 100.000 av dei.

To kommunar som slår seg saman og har under 20.000 inn-

byggjarar får 20 millionar kroner. Det er 1.000 kroner per innbyggjar om ein er akkurat under grensa, 2.000 om det blir 10.000 innbyggjarar.

Ein får heile 50 millionar kroner om ein er fem kommunar med under 20.000 innbyggjarar som slår seg saman. Dei seks Vest-Telemark-kommunane vil oppnå 50 millionar kroner om dei slår seg saman. Etter Kommunaldepartementets utrekningskjema har dei seks 14.191 innbyggjarar, det blir altså vel 3.500 kroner per innbyggjar i støtte til eingongskostnader.

Reformstøtte

Det andre positive verkemiddelet er reformstøtte. Minstebeløpet her er fem millionar kroner til to kommunar som slår seg saman og har minst 10.000 innbyggjarar. Bø og Sauherad vil akkurat bikke 10.000 innbyggjarar om dei slår seg saman og få fem millionar kroner frå denne potten. Med Nome kjem ein over 15.000 innbyggjarar og får 20 millionar kroner. I det første tilfellet får ein knapt 1.000 kroner per innbyggjar, i det andre tilfellet knapt 1.300 kroner.

Dersom det blir Bø og Seljord som slår sine pjalmar saman vil det utløyse 20 millionar kroner til dekning av eingongskostnader, ingenting i reformstøtte.

Bø pluss Seljord

– Er Bø og Seljord i noko tilfelle eit aktuelt alternativ?

– Det er heilt klart at Seljord er eit alternativ. Eg har snakka med sentrale folk i Seljord og dei ser det ikkje som unaturleg å slå seg saman med Bø, seier ordførar Olav Kasland.

Han peikar på at politikarane i Seljord har gjort vedtak om at dei er for kommunesamanslåing, primært i Vest-Telemark. Dei andre kommunane i Vest-Telemark er ulne og Seljord kan bli ståande att aleine. Det same gjeld Bø. Bø kan risikere at dei to i Midt-Telemark ikkje vil slå seg saman med oss.

– Ein så sentral kommune som Bø, med så korte avstandar til naboane, vil aldri få lov til av sentrale myndigheiter å stå aleine. Det har kommunestyret i Bø teke innover seg, seier Kasland.

Telefon og data er dyrt

– Avspeglar graderinga i støtta frå

staten dei reelle kostnadane ved samanslåing, eller er det reint lokkemiddel?


– Det er det ingen som har rekna på. Det største beløpet er inndelingstilskotet, eit tilskot som kommunane får i dag. Det er gradert ut frå at til større ein kommune er til meir effektiv reknar ein at den er. Til mindre ein kommune er til meir pengar får den. Det tilskotet vil ein halde fram med å få i 15 år etter ei kommunesamanslåing. Så blir det fem år nedtrapping.

Kommunane i Lifjell rundt får 71 millionar kroner meir i inndelingstilskot årleg enn ein kommune som alt er etablert og som er like stor som Lifjell rundt vil bli, seier Kasland.

På heimesidene til kommunaldepartementet står det at omfanget og innordninga på inndelingstilskotet vil bli vurdert etter at kommunereformperioden er over.

Kasland meiner at ein stor utgiftspost ved ei kommunesamanslåing vil vere kostnader knytt til ikt, det vil seie data og telefon.

– Det kostar ekstremt mykje, det er noko me i Midt-Telemark alt har på plass, seier Kasland.

**F****FAKTA:****Oversikt over støtte til kommunar som slår seg saman.**

Ny kommune	Støtte til eingongskostn.	Reformstøtte	Sum eingongskostnader og reformstøtte	Inndelingstilskot (årleg per i dag, nedtrapping om 15 år)
Bø og Sauherad	20 mill	5 mill	25 mill	16 mill
Midt-Telemark	30 mill	20 mill	50 mill	32 mill
Bø og Seljord	20 mill	0 mill	20 mill	18 mill
Lifjell rundt	55 mill	25 mill	80 mill	87 mill
Vest-Telemark	50 mill	5 mill	55 mill	83 mill

Dei to første kolonnane viser tilskot som kommunane får om dei slår seg saman. Den tredje kolonnen viser inndelingstilskotet som kommunane får i dag. Dei vil også få det i 15 år etter samanslåing, etter det blir det trappa ned over fem år. Inndelingstilskotet vil bli vurdert når reformperioden er over.

Kjelde. Kommunaldepartementets utrekningsmodell

Nome ser mot G

Tidlegare ordførar i Nome, Ole Moen, meiner ein Midt-Telemark-kommune blir for pinglete. Det blir ein Robek-kommune med 15.000 innbyggjarar. Han vil sjå mot Skien.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Eg tykkjer me bør vurdere å slå oss saman med Skien kommune også. Eg tykkjer det er snevert å snakke om berre eitt alternativ.

Det seier tidlegare ordførar for Arbeiderpartiet i Nome, Ole

Moen. Han er ein av fleire som har teke initiativ til å få vurdert ei kommunesamanslåing mellom Nome og Grenland. Med seg på det initiativet hadde han blant andre tidlegare Senterparti-ordførar Jan Thorsen og tidlegare Høgre-ordførar Miklos Vassanyi.

Ikkje stor-Grenland

Moen seier at han ikkje tenkjer seg eit stor-Grenland med Skien, Porsgrunn, Bamble, Siljan og eventuelt andre kommunar. Han tenkjer Skien, Siljan og Nome.

– Det er dei Ulefoss har eit naturleg kulturelt fellesskap med, meiner Moen